

POLITIKK FOR REGIONAL FORANKRING

Godkjent av rektor ved USN den 9.november 2023

Dette politikkdokumentet skal gi føringar for universitetets arbeid med regional forankring. Det skal bidra til å operasjonalisere og tydeleggjere universitetets strategi og gi støtte til arbeidet med utviklings- og tiltaksplanar ved fakultet og institutt. USN har campus på åtte ulike stader i tre fylke og drar fordel av at vi har gode samarbeidsrelasjonar i dei ulike delane av storregionen. I USNs strategi og i utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet for perioden 2023 -26 er det lagt vekt på regional forankring. Utviklingsavtalen har tre hovudmål. USN skal:

Mål 1 - Være et åpent universitet som tilbyr arbeidslivsintegreerte og fleksible utdanninger.

Mål 2 - Være et framtidrettet universitet som bidrar til en kunnskapsbasert, kritisk reflektert og bærekraftig samfunnsutvikling i dialog med samfunns- og arbeidsliv.

Mål 3 - Være et nyskapende flercampusuniversitet som samarbeider tett med samfunns- og arbeidsliv i regionen.

Offentleg engasjement ved USN omhandlar eit stort område der aktivitet og nytte av høgere utdanning og forskning kan blir delt med samfunns- og arbeidsliv. Dette er ein tovegs prosess, som involverer samhandling og lytting, og har som mål å generere nytte for begge parter. For USN betyr dette at vi søker etter og inngår i likeverdige og gjensidige partnerskap med institusjonar, verksemder og økosystem i regionen som gir grunnlag for innspel til studieprogram, etter- og vidareutdanning, innovasjon og forskings- og utviklingsarbeid. Slikt samarbeid kan gi innspel til politikktutforming på kommunalt, regionalt og nasjonalt nivå og vil vere verdifullt i USNs internasjonale universitetssamarbeid.

USN tilbyr høgere utdanning, utfører FOUI-arbeid og bidrar til samfunnsutviklinga gjennom tett samarbeid med arbeidslivet. USN vil etablere kreative, tverrfaglege arbeidsfellesskap der folk bur og arbeider og bidrar til sosial inkludering og levande lokalmiljø. Vi skal samarbeide om utdanning, FOUI-prosjekt og i teknologiutvikling.

For USN betyr regional forankring at vi er opptatt av kva kunnskap og kompetanse arbeidslivet både i privat og offentlig sektor har behov for, og at USNs tilsette ønsker å inngå i reelle samarbeid for å utvikle kunnskapsgrunnlag og bidra i kompetanseutvikling. Det medfører at tilsette på alle nivå skal bidra i universitetets samhandling med arbeids- og samfunnsliv.

For å realisere desse ambisjonane skal det følgjande vere retningsgjevande for utforming av tiltak:

1. VI ARBEIDER PÅ TVERS

USN skal ta i bruk sin arbeidslivs- og profesjonsretta profil for auka tverrfagleg, tverrprofesjonelt og tverrsektorielt samarbeid

Samfunnet spør etter tverrfagleg og tverrprofesjonell kompetanse. Gjennom kreative, tverrfaglege arbeidsfellesskap og prosjekt skal USN styrke forskingsbasert innovasjon og kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping i regionen. USN har etablert samarbeidsavtalar med strategisk viktige aktørar i vår region der samarbeid på tvers av profesjonar og sektorar er ein vesentleg del av kjerneverksemda. USN har etablert fem strategiske, tverrfaglege forskingsområde; Energi, klima og miljø; Regional verdiskaping; Oppvekst, tilhøyrlighet og livsmeistring; Framtidas helse og velferdstenester; Demokrati, samfunnsorganisering og styring.

Føringar

- Tilsette på ulike nivå ved USN deltar i styringsgrupper og arbeidsgrupper som er etablert i samband med samarbeidsavtalar. Dette skal generere avtaler med strategisk forankring og konkret samarbeid som blir operasjonalisert i handlingsplanar
- Dei strategiske forskingsområda skal styrke samarbeidet mellom forskingsmiljø på tvers av fakultet og institutt og med eksterne aktørar for å løyse viktige samfunnsutfordringar og bidra til ei berekraftig omstilling i regionen

2. VELKOMMEN INN

USN skal styrke arbeidslivs- og samfunnsrelevansen i FoUI og studieprogram på alle nivå ved å invitere aktørar frå regionen inn

Vi inviterer aktørar i samfunns- og arbeidsliv inn til arbeid med og utvikling av studium på bachelor, master og ph.d.-nivå. Vi brukar våre praksisavtalar systematisk for å sikre kvalitet og relevans i våre praksisstudiar. Aktiv

bruk av praksisavtalar vil generere arenaer for erfaringsutveksling der både spørsmål om læring, vegleing og vurdering for praksisstudiar og potensielle FoUI-tema blir drøfta

Føringar:

- Vi har årlege møte i råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA)
- Vi har ekstern representasjon i alle programutval
- Vi har ekstern representasjon i fakultetsstyra
- Vi samarbeider om innretning og forskningstema i gåveprofessorat
- Vi samarbeider om innretning og forskningstema i offentleg sektor-ph.d. og nærings-ph.d.

3. VI DELTAR UTE

USN skal bidra til ei berekraftig samfunnsutvikling i samspel med samfunns- og arbeidsliv i regionen og slik styrke vår rolle som regional samfunnsutviklar

Vi brukar våre campus og deira lokalsamfunn og særtrekk som grunnlag for etablering av eksterne nettverk og som inngangsport til USNs samla kompetanse. USN-tilsette på ulike nivå skal vere aktive deltakarar på viktige arenaer og i nettverk i regionen der problemstillingar blir drøfta og erfaringar blir delt og slik bidra til å møte behov og utfordringar som arbeidslivet står i. Slik deltaking skal danne grunnlag for vidare samarbeid om studieprogram og FOUI-prosjekt der reelle og relevante problemstillingar blir adressert.

Føringar:

- Arbeid med regionalt samarbeid og utvikling inngår i alle stillings- og funksjonsbeskrivelsar, og blir vektlagt ved rekruttering
- Tilsette frå USN deltar i klynge-samarbeid og i arbeid med infrastruktur for innovasjon for å utvikle berekraftige løysingar
- Tilsette frå USN deltar i ulike nettverk, på konferansar og på samfunnsrelevante møteplassar for å halde seg oppdatert på det regionale utfordringsbiletet

4. VI INKLUDERER

USN skal være eit inkluderande og opent universitet som bidrar til sosial inkludering

I samarbeid med aktørar i regionen og lokalsamfunnet tilbyr vi utdanningar som stimulerer til livslang læring og inkludering. I samarbeidet med statlege etatar, kommunar og fylkeskommunar set vi i verk arbeid som skal forebygge utanforskap, legge til rette for mangfald og til at alle kan delta i samfunns- og arbeidsliv. Vi bidrar til open tilgang til forskning og forskingsresultat.

Føringar:

- Vi samarbeider med aktørar i regionen om å utvikle og tilby fleksibel, tilrettelagt og inkluderande utdanning, både som grunnutdanning som etter- og vidareutdanning (EVU)
- Vi brukar nasjonale og internasjonale nettverk for å utvikle utdanningar og FoUI-prosjekt som bygger kunnskap for å finne løysingar på utanforskap
- Vi tar i bruk potensialet i strategiske samarbeidsavtalar med EDUC-alliansen og YERUN-nettverket
- USN er ein inkluderande arbeidsplass som aktivt brukar dei tiltak som er utvikla i IA-avtalen og som fremjar mangfald, likestilling og medverknad

5. SLIK JOBBAR VI

USN tar i bruk verkemiddel og ordningar som kan hjelpe oss å nå våre mål. Dette vil vi aktivt kommunisere og dele med offentleg og privat arbeids- og samfunnsliv i regionen

Våre arbeidsmåtar, rutinar og verktøy skal kunne gi grunnlag for innovasjon, FoU-aktivitet, og EVU. Samarbeid med regionen skal bidra til utvikling av nye, fruktbare arbeidsmåtar, rutinar og arenaer for samarbeid og informasjons- og erfaringsutveksling med aktørar i regionen.

Føringar:

- Vi har samfunnskontakt ved alle campus som skal fungere som dør inn til heile universitetet
- Våre samarbeidsavtalar skal sikre at samarbeidet er langsiktig, gjensidig forpliktande og fører til reelle samskapsprosessar
- Vi tilset folk frå arbeidslivet i funksjon som FoU-ekspertar og i kombinasjonsstillingar
- Vi brukar hospiteringsordningar som skal gi USN og arbeidslivet gjensidig innsikt i ansvar, roller og arbeidsmåtar
- Vi brukar såkornmiddel for generering av større samarbeidsbaserte FoUI-prosjekt